

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arne Ingjald Lerum
Arkivsaksnr.: 21/1061-10

Arkiv:

Detaljreguleringsplan Hafslotun.

Plan-id: 2021001. 2 gongs handsaming. Utlegging til offentleg ettersyn.

Rådmannen si tilråding:

I samsvar med reglane i § 12-10 i plan- og bygningslova blir detaljreguleringsplan Hafslotun, lagt ut til offentleg ettersyn og sendt over til aktuelle fagorgan for høyring, jf. reglane i § 12-10 i plan- og bygningslova.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: 1. Reguleringskart
2. Reguleringsføresegner
3. Planomtale

Uprenta vedlegg: Andre dokument i saka.

Samandrag:

Ecura Bo og Habilitering driv heildøgns bu- og omsorgstenester for personar med psykiske lidingar, utviklingshemming og liknande på eigedomen Hafslotun. Området er uregulert, i kommuneplanen sin arealdel er det vist som område for fritids- og turistføresmål. Ecura Bo og Habilitering har fremja reguleringsframlegg for å få regulert arealbruk i samsvar med drifta som er der i dag.

Rådmannen rår til at reguleringsframlegget blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Utval som har vedtaksmynde:

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Plan- og forvaltningsstyret, jf. delegeringsrelement knytt til §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova.

Fakta:

Hafslotun.

Området som omfattar eigedomen «Hafslotun», gbnr. 153/18-19-21 og 27, ligg langs Fv 55, like sør for Heggmyrane på Hafslø. Eigedomen er på om lag 47 daa. Her var det tidlegare drive turistverksemd. Området er seinare kjøpt av Sbb MI Eiendom Levanger As. Her driv Ecura Bo og Habilitering heildøgns bu- og omsorgstenester for personar med psykiske lidingar, utviklingshemming og liknande.

Plansituasjon.

Området er uregulert.

I arealdelen av kommuneplanen er det sett av til «Bygningar og anlegg, fritids- og turistføresmål».

Ecura Bo og Habilitering ønskjer no å få området regulert slik at reguleringsføreålet samsvarer med bruken i dag. Reguleringsframlegget er utarbeidd av Arkitektkontoret 4B.

Planomtale

Det er utarbeidd planomtale til reguleringsframlegget, rådmannen viser til denne for ytterlegare opplysningar, vedlegg 3.

Vurdering:

Innkomne merknader.

Det kom inn 5 merknader ved varsel om oppstart av planarbeidet.

Luster Energiverk gjer merksam på at straumkabel til området ikkje er dimensjonert for auke i straumforbruk.

Sogn Brann og redning gjer merksam på at vassleidningsnettet i området truleg ikkje er dimensjonert for sløkkjevattn. I § 5 i reguleringsføresegnene er det teke omsyn til desse merknadene.

Anna

I § 3.2.1.b i reguleringsføresegnene er det ein liten reknefeil. Denne bør rettast opp før utlegging.

Konklusjon

Rådmannen finn det rett å få området regulert i samsvar med faktisk arealbruk i området. Det blir rådd til at reguleringsframlegget blir lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

Dato: 28.09.2021

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: